

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2017

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag (a):

«I punkt 3.3. Ytring og lojalitet: I siste avsnitt strykes ordet «langt».»

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag (b):

«Punkt 5 Varsling:

Siste setning vert endra til:

Det er ønskjeleg at tilsette seier frå dersom dei får kjennskap til kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Det er egne retningsliner om varsling i fylkeskommunen som då skal følgjast.»

### Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga 1. og 2. avsnitt vart samrøystes vedteken.

Andersland sitt forslag (a) vart vedteke med 51 røyster mot 4 røyster (SV, R) for innstillinga.

Andersland sitt forslag (b) fekk 34 røyster (V, H, Frp, KrF, SV, R, MDG, 2A) og vart vedteke mot 21 røyster for innstillinga.

### Vedtak

Utkast til reviderte «Etske retningsliner for Hordaland fylkeskommune (dato 8.mai 2017)» vert gjort gjeldande som etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune med følgjande endringar:

Punkt 3.3 Ytring og lojalitet vert endra til:

Likevel er det slik at for tilsette i sentrale leiarstillingar og for tilsette som har ei sentral rolle i aktuell saksbehandling, vil lojalitetsplikta vere strengare enn for andre tilsette.

Same pkt., siste avsnitt vert endra til:

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld ytringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.

Punkt 5 Varsling:

Siste setning vert endra til:

Det er ønskjeleg at tilsette seier frå dersom dei får kjennskap til kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Det er egne retningsliner om varsling i fylkeskommunen som då skal følgjast.